

Årsmøtesundag på Solheim

14.01.2011

**Fleire lag og organisasjonar i Kvinnherad satsar på Solheim Turiststasjon som stad for årsmøta sine og har gjort det i mange år.
Det gjeld til dømes Kvinnherad Arbeidarparti og Uskedalen Idrettslag.**

I år skal dei to sogar halda årsmøtet på same dagen, sundag 30. januar.

Arbeidarpartiet er først ut og startar klokka 15 medan idrettslaget kjem etter klokka 20 om kvelden.

Saklistene for dei to årsmøtelaga inneheld ingen overraskingar, men har dei ordinære årsmøtesakane på kartet.